



*kilde til  
inspirasjon  
og kunnskap,  
samhold og glede*

## Årsmelding 2003



Studieforbund for

DIS-Norge  
Forbundet Kysten  
Hålogaland Amatørteaterselskap  
Ivar Aasen sambandet  
Kringkastingsringen  
Landslaget for lokalhistorie  
Landslaget lokalhistorie i skolen  
Landslaget for Udelt og Fådelt Skole  
Noregs Mållag  
Noregs Ungdomslag  
Norges Husflidslag  
Norges museumsforbund  
Norsk Amatørteaterforbund  
Norsk Kulturarv  
Norsk Målungdom  
Norsk Quilteforbund  
Rosegården Teaterhus  
Samenes Folkeforbund  
Vestlandske Teatersenter  
Vestnorsk Kulturakademi



## 1. Innleiing

2003 var eit år med store endringar og uvisse. Myndighetene si utredning om vaksenopplæring vart sett fram til med stor spenning. Resultatet av utredninga vart eit kutt på om lag 12% på tilskot til vaksenopplæring. FKF måtte gå i tenkeboksen for å sjå korleis ein kunne handtere situasjonen utan at det gjekk ut over studiearbeidet i organisasjonane. Vi måtte kutte eit årsverk i administrasjonen, og tilskotet til fylkeskontaktane. Uvissa førde også til at vi ikkje knytte til oss nokon nye samarbeidsorganisasjonar dette året.

På tross av denne situasjonen starta vi opp att prosjektet "Drakt og samfunn" og utdanninga "Norsk, folkeleg dans" tok til.

I strategiplan for Folkekulturforbundet 2003 – 2005 har vi sett oss det ambisiøse mål å bli best i Noreg på opplæring i folkeleg kultur. Vi sette oss fire delmål:

### **1. Kulturell opplæring og kunnskapsformidling**

Mål: FKF skal i denne perioden vekse med 10% i studietimar og deltagarar.

Status etter eit år er ein vekst på 5,3% studietimar og 15,9% deltagarar, medrekna NATF. Utan NATF er det ein liten nedgang i timetal, medan deltakartalet har auka med 5%. Det vil seie at vi har auka gjennomsnittleg deltakartal på kvart kurs frå 8,2 i 2002 til 9 i 2003.

### **2. Nettverksbyggjar**

Mål: Ha i drift minst eit prosjekt som inkluderar fleire av medlemsorganisasjonane og eksterne bidragsytarar, og som blir synleg i samfunnet.

Prosjektet "Frå studiering til fagbrev" blei avslutta i 2002, men er vidareført gjennom fleire prosjekt. I 2003 vart arbeidet konsentrert om lærarar og lærebedrifter. Vaksenopplæring for innsette er vidareført til drift, og det er etablert eit samarbeid med kriminalomsorga region nord.

### **3.Brukerorientert**

Mål: FKF skal i perioden ha minst 20% nye kursarrangørar.

Status etter eit år er ein auke frå 620 arrangørar i 2002 til 655 i 2003. Det vil seie ein auke på 5,6 %. Av dei 35 nye laga er 32 frå NATF og 3 frå nye samarbeidsorganisasjonar. NH og NU mista til saman 15 arrangørar, medan HATS og FK fekk like mange nye.

### **4. Utviklingsorientert**

Mål: FKF skal i perioden nå nye målgrupper og lage system for å ta vare på desse.

Gjennom prosjektet "folkekultur for alle" og det vidare arbeidet med vaksenopplæring i samarbeid med kriminalomsorga, har ein starta arbeidet for å lage system for å ta hand om dei nye målgruppene. Ein les likevel av statistikken at det er dei store områda som framleis er i vekst, og at rekrutteringa i hovudsak skjer der vi alt er gode.

## 2. Organisasjon

Medlemsorganisasjonar

Medlemmer:

DIS-Norge, Forbundet KYSTEN, Hålogaland Amatørteaterselskap, Kringkastingsringen, Landslaget for lokalhistorie, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag Norsk Amatørteaterforbund, Norsk Målungdom og Vestlandske Teatersenter.

FKF har samarbeidsavtale med:

Ivar Aasen-sambandet, Landslaget for Udelt og Fådelt skole, Landslaget for lokalhistorie i skolen, Norges museumsforbund, Norsk Kulturarv, Norsk Quilteforbund, Rosegården Teaterhus, Samenes Folkeforbund og Vestnorsk kulturakademi

Styret

**01.01.03 – 19.05.03**

Tove Gulsvik (NH) leiar  
Per Hillesund (FK) nestleiar  
Wenke Seloter (HATS) styremedlem  
Marit Jacobsen (NU) styremedlem  
Svein Rød (NH) styremedlem  
Hallvard Julseth (NU) 1.varamedlem  
Sigbjørn Hjelmbrekke (NMU) 2.  
varamedlem  
Jostein Molde (LLH) 3. varamedlem

**19.05.03- 31.12.03**

Tove Gulsvik (NH) leiar  
Per Hillesund (FK) nestleiar  
Marit Jacobsen (NU) styremedlem  
Svein Rød (NH) styremedlem  
Trine Hild Blixrud (HATS) styremedlem  
Annicke Gill (VT) 1. varamedlem  
Hallvard Julseth (NU) 2. varamedlem  
Jostein Molde (LLH) 3.varamedlem

Styret har hatt fire styremøte og handsama 37 saker.

Årsmøtet

Årsmøtet vart halde 19.05.03 i lokala til Forbundet KYSTEN på Akershus kai i Oslo. Det møtte 11 representantar med røysterett frå 8 av medlemsorganisasjonane. I tillegg møtte 5 frå styret , 4 frå kontoret og ein prosjektmedarbeidar. Etter årsmøtet gjorde Tore Friis-Olsen greie for arbeidet til forbundet KYSTEN. Bjørn Haugstad, statssekretær i Utdannings- og forskingsdepartementet innleia til debatt om omlegging av tilskotsordninga til vaksenopplæringa.

Årsmøtet handsama desse sakene:

- Sak 1 Opning og konstituering
- Sak 2 Årsmelding 2002
- Sak 3 Rekneskap 2002
- Sak 4 Strategi- og handlingsplan med justeringar for 2004
- Sak 5 Budsjett 2004
- Sak 6 Retningslinjer for fylkesledd i Folkekulturforbundet
- Sak 7 Val

Fylkesledda

FKF har fylkeseiningar organisert etter fylkesgrensene. Årsmøtet 2003 vedtok endringar i retningslinene for fylkesledda, som har som intensjon å gjøre rammeverket enklare. I samband med budsjettarbeidet 2004 vart det vedteke å ta bort tilskotet til fylka (3.000-), noko som truleg vil medføre enda lågare aktivitetsnivå i mange fylkesledd.

### **3. Drift og administrasjon**

Lokalisering	Kontoret har adresse Vågå næringshage, 2680 Vågå.
Personale	I 2003 var desse tilsett: Dagleg leiar Kjærsti E. Gangsø (100%) Studiekonsulent Erik Slettahaug (100% fram til 01.08.03) Studiekonsulent Sølvi Brække (100%) Studiekonsulent Mette Vårdal (100%) Kontormedarbeidar Tone Heskestad (50%)  I tillegg har Åse Vigdis Festervoll og Trine Thommessen vore engasjerte som prosjektleiarar gjennom året.
Arbeidsoppgåver	Folkekulturforbundet har ansvaret for all søknadshandsaming og utbetaling av statstilskot. Utover dette er opplæring og informasjon om voksenopplæringssystemet dei viktigaste arbeidsoppgåvene for kontoret. I tillegg kjem utviklingsprosjekta FKF til einkvar tid er involvert i. Prosjekta er omtalt anna plass i årsmeldinga.
Informasjon og materiell	Informasjonen internt til medlemsorganisasjonane og kursarrangørane går gjennom rundskriv, heimeside, kontakt på telefon og e-post og medarbeidaropplæring. Det var mindre spørsmål etter medarbeidaropplæring i 2003 enn året før.  Det er ikkje trykt nytt materiell i 2003, men skjema og anna materiell er i kontinuerleg oppdatering etter endra bruk, og blir oppdatert på heimesida.  Arbeide med ekstern informasjon og profilering auka i år, i samsvar med oppgåver og prosjekt som strekk seg ut over den vanlege kursaktiviteten.

#### 4. Studieaktivitet

##### Tilskot

Folkekulturforbundet mottok i tilskot frå Utdannings- og forskingsdepartementet:

	2001	2002	2003
Tilskot til studiearbeid	9.000.000	9.130.000	8.920.000

Folkekulturforbundet byggjer økonomien sin på ein delingsmodell. I denne modellen blir det rekna ut prosentdeling mellom organisasjonane. Gjennomsnittleg studietimetal dei tre siste år ligg til grunn for utrekninga:

	1999	2000	2001	2002	2003
Norges Husflidslag	55,80	58,05	57,85	57	55
Noregs Ungdomslag	34,87	31,38	30,11	31	28
Hålogaland Amatørselskap	8,09	8,49	8,84	9	10
Forbundet Kysten	0,31	1,23	1,96	3	2
Noregs Mållag	0,93	0,82	1,05	0	0
Landslaget for lokalhistorie	0	0	0	0	0
Folkekulturforbundet	0	0,02	0,1	0	0
Norsk målungdom	0	0	0	0	0
Norges Amatørteaterforbund					4,5
DIS Norge	0	0	0	0	0
Vestlandske teatersenter	0	0	0	0	0

##### Statistikk

Statistikken syner at FKF har 113.875 timer, ein oppgang på nærmere 5.500 timer frå 2002. Norsk Amatørteaterforbund har kome inn som nytt medlem med ein studieaktivitet på nærmere 6.000 timer. Noregs Husflidslag har ein auke på om lag 1.000 timer. Med unntak av Norsk målungdom, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Vestlandske Teatersenter har også dei andre organisasjonane ein auke eller held seg stabile.

Tendensen til at kurs med lærar går attende og studieringar utan lærar aukar, held fram også i 2003. Det ser altså ut til at den tradisjonelle måten med å lære i ei sosial rame er på veg inn att.

Tekstil er framleis det største emnet, medan den store veksten i teater har stagnert om ein ser bort frå timane til NATF. Dei ulike emna har svært ulik oppbygging, teater har lange kurs med få deltakarar, dans har kortare kurs med mange deltakarar. Det gjer at sjølv om teater har meir enn tre gongar så mange timer som folkedans, har folkedans likevel 300 fleire deltakarar. For å finne ut kor mange deltakarar ein når, er det viktig å sjå på meir enn berre timetalet.

I gjennomsnitt hadde FKF i fjor 9 deltakarar pr kurs. Snittet i all voksenopplæring (studiestatistikken til SSB) er om lag 12 deltakarar pr. kurs. Tekstilkursa våre har i snitt 7 deltakarar pr. kurs, medan det på teater var 8 og i folkedans 16 deltakarar i snitt med godkjent oppmøte.

##### Særlege målgrupper

Utdanningsdepartementet har ei ordning med eige tilskott til å finansiere kurs for særlege målgrupper. Det er eige regelverk for dette tilskotet. Tilskotet til Folkekulturforbundet blir utrekna på bakgrunn av tidlegare års aktivitet. I 2003 fekk FKF 135.000 kroner.

##### Reisestipend

Desse fekk reisestipend frå Voksenopplæringsforbundet i 2003:

1. Ellen Kjellmyr, Norges Husflidslag (USA)
2. Marit Aasjord Andreassen, Norges Husflidslag (USA)
3. Tore Friis- Olsen, Forbundet KYSTEN (Russland)
4. Trine Thommessen, Folkekulturforbundet (Øs-tEuropa)

## 5. Utviklingsarbeid

Pedagogiske utviklingsmidlar

**Pedagogiske utviklingsmidlar (Kyrkje, utdannings og forskingsdepartementet)**  
Medlemsorganisasjonane kan gjennom Folkekulturforbundet søke VOX om tilskot til pedagogisk utviklingsarbeid. I 2003 fekk desse tilskot:

Vestlandske teatersenter

VT si teaterleiarutdanning fekk 250.000 kroner. Målet er å utvikle ei modulbasert opplæring av teaterinstruktørar i amatørteater og kulturskule. Prosjektet har utvikla materiell både for tilrettelegging av opplæringa og materiell for deltakarane.

Forbundet Kysten

Utvikling av kompetanse på lokalt nivå i frivillige lag og foreiningar på området kulturminne og kulturminneforvaltning i regi av Forbundet Kysten fekk 100.000 kroner. Målet er å kartlegge behov og ønskje om opplæring lokalt innanfor kulturminnevern. Prosjektet har sin bakgrunn i eit vedtak om å flytte store deler av kulturminnevernet til kommunane og dei lokale organisasjonane.

"Folkekultur for alle"

Folkekulturforbundet fekk 200.000 kroner for prosjektet "folkekultur for alle". Målet er å inkludere fleire med særlege behov i vår opplæring, og vurdere om kursverksemda vår kan nyttast som reiskap på vegen til formell kompetanse innafor gitte fagområde for personar med særlege behov.

Studiering på høgare nivå

FKF er med som arrangør i fleire studieringar på høgare nivå:

**Drakt og samfunn** blei utlyst for tredje gong hausten 2003 etter eit års pause. Det melde seg 27 studentar som alle blei tekne inn. Studiet er eit samarbeid mellom FKF, Bunad- og folkedraktrådet og NTNU i Trondheim. Undervisninga er organisert i fire veksesamlingar på Fagernes. Eksamens teknatane ved NTNU.

**Norsk folkelig dans** kom i gang for første gong hausten 2003. Det melde seg 50 studentar, og 22 blei tekne inn. Kurset har godkjenning fra Musikkhøgskulen i Oslo. Undervisninga er ordna med seks samlingar i Vågå, Trondheim og Oslo.

**Folkedans for lærarar** blei gjennomført med ei avsluttande gruppe våren 2003, og ei ny tok til på hausten. Studiet er i samarbeid med Rff-senteret og NTNU i Trondheim. Undervisninga er på Rff-senteret, som og har ansvar for gjennomføringa.

## 6. Samarbeid

Vofo

Voksenopplæringsforbundet (Vofo) er felles paraly for alle studieforbunda i Noreg. Marit Jacobsen frå Noregs Ungdomslag var styreleiar i Vofo fram til i mai 2003. Etter det har FKF ikkje vore representert i Vofo sitt styre, men deltar aktivt i Vofos arbeid. Marit Jacobsen sit i valkomiteen til Vofo.

FNV

Foreningen Nordisk Vuxenopplysning (FNV) er eit nordisk nettverk for studieforbund der FKF er medlem. Dei andre norske medlemmane er Bygdefolkets Studieforbund, Senterpartiets Studieforbund og Studieforbundet Populus.

## 7. Statistikk og oversikt

### 7.1.1 Studietimar fordelt på organisasjon

	2001	2002	2003
DIS Norge	63	157	216
Forbundet Kysten	2.464	3.508	3.790
Folkekulturforbundet	1.953	2.867	3.029
Hålogaland Amatørselskap	12.307	14.640	15.218
Landlaget for Lokalhistorie	482	499	294
Norsk Amatørteaterforbund			5.939
Norges Husflidslag	57.987	57.380	58.359
Noregs Mållag	456	407	406
Norsk målungdom	552	179	141
Noregs Ungdomslag	27.057	27.085	25.930
Vestlandske teatersenter	475	1.687	553
<b>SUM</b>	<b>103.831</b>	<b>108.409</b>	<b>113.875</b>

Norsk Amatørteaterforbund kom med som nytt medlem i 2003

### 7.1.2 Fylkesstatistikk

	Tal kurs	Deltakarar	Timar	Timar	Timar
			2003	2002	2001
Østfold	101	786	2796	2.958	3.157
Akershus	497	3.466	13.250	12.385	11.656
Oslo	155	1.593	5.062	3.687	4.007
Hedmark	207	1.539	5.908	5.095	5.642
Oppland	180	1.365	6.302	4.042	3.141
Buskerud	96	794	2.567	1.890	2.029
Vestfold	168	1.202	5.156	4.541	4.622
Telemark	58	582	1.624	1.385	1.907
Aust-Agder	133	1.230	4.506	4.345	5.064
Vest-Agder	112	1.027	3.185	3.189	2.594
Rogaland	201	1.625	5.238	4.492	4.584
Hordaland	303	2.974	9.102	10.361	8.152
Sogn- og Fjordane	129	1.143	2.989	3.857	3.401
Møre og Romsdal	166	1.557	5.452	5.816	5.227
Sør-Trøndelag	136	1.137	4.724	5.117	5.361
Nord-Trøndelag	144	1.139	4.750	3.931	3.564
Nordland	391	3.161	12.031	11.011	11.778
Troms	447	3.463	17.946	19.264	16.932
Finnmark	55	469	1.287	1.043	978
<b>SUM</b>	<b>3.679</b>	<b>30.252</b>	<b>113.875</b>	<b>108.409</b>	<b>103.831</b>

### 7.1.3 Emnefordeling

Emne	Kurs		Deltakarar		Timar
Tekstil	1.491	40,5%	10.475	34,6%	42.459
Teater	659	17,9%	5.270	17,4%	31.720
Tre	404	11,0%	2.764	9,1%	12.290
Folkedans	354	9,6%	5.573	18,4%	8.530
Teikning og maling	169	4,6%	1.171	3,9%	3.707
Husstell	79	2,1%	509	1,7%	1.318
Organisasjon	46	1,3%	479	1,6%	1.095

### 7.1.4. Høgare nivå




Tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
---------	------	------------	-------

	FKF	73.620	8	137	450
	HATS	27.110	7	103	117
	<i>Sum</i>	<i>100.730</i>	<i>15</i>	<i>240</i>	<i>567</i>
	Oppland	39.000	2	42	130
	Hordaland	16.620	4	47	260
	Sør-Trøndelag	18.000	2	48	60
	Troms	27.110	7	103	117
	<i>Sum</i>	<i>100.730</i>	<i>15</i>	<i>240</i>	<i>567</i>
7.1.5. Særlege målgrupper		§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
	Folkekulturforbundet	86.961,50	12	80	205
	Hålogaland				
	Amatørtateaterselskap	14.880,00	2	12	152
	Norges Husflidslag	51.075,40	12	88	284
	Noregs Ungdomslag	62.571,00	10	159	235
	<i>Sum</i>	<i>215.487,90</i>	<i>36</i>	<i>339</i>	<i>876</i>
		§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
	Akershus	12.252,50	4	25	71
	Oslo	16.500,00	3	22	95
	Oppland	16.083,90	4	32	94
	Aust-Agder	6.239,00	1	9	24
	Vest-Agder	15.240,00	2	35	24
	Rogaland	19.450,00	2	32	70
	Hordaland	14.600,00	4	55	114
	Nord Trøndelag	86.961,50	12	80	205
	Troms	14.880,00	2	12	152
	Finnmark	13.281,00	2	37	27
	<i>Sum</i>	<i>215.487,90</i>	<i>36</i>	<i>339</i>	<i>876</i>
7.2. Fylkesledda	Østfold	Kari Filberg, (Norges Husflidslag)			
	Akershus	Lise Hauki, (Norges Husflidslag)			
	Oslo	Alf Steinar Nekstad, (Noregs Ungdomslag)			
	Hedmark	Margit Bredesen, (Norges Husflidslag)			
	Oppland	Kari Sand Nikolaisen, (Norges Husflidslag)			
	Buskerud	Kjell Olav Grøndalen, (Noregs Ungdomslag)			
	Vestfold	Per Ola Norshus (Noregs Ungdomslag)			
	Telemark	Knut Olsen (Noregs Ungdomslag)			
	Aust-Agder	Marit Svennevik, (Norges Husflidslag)			
	Vest-Agder	Ole Repstad, (Norges Husflidslag)			
	Rogaland	Unni Sivertsen (Norges Husflidslag)			
	Hordaland	Toril F. Velure, (Norges Husflidslag)			
	Sogn- og Fjordane	Hallvard Julseth (Noregs Ungdomslag)			
	Møre og Romsdal	Øyvind Fenne (Noregs Mållag)			
	Sør-Trøndelag	Ivar Dypvik (Norges Husflidslag)			
	Nord-Trøndelag	Kristmar Kjølstad, (Norges Husflidslag)			
	Nordland	Gerd Aase (Norges Husflidslag)			
	Troms	Torgunn Andreassen (Norges Husflidslag)			
	Finnmark	Anne Grethe Pedersen (Norges Husflidslag)			

# ***Resultatregnskap***

## ***Folkekulturforbundet***


	Note	2003	2002	2003 <i>Budsjett</i>
<b><i>DRIFTSINNTEKTER</i></b>				
Tilskot til studiearbeid		8 920 000	9 130 000	8 920 000
Tilskot til studiearbeid særlege målgrupper		135 000	127 000	135 000
Tilskot til pedagogisk utviklingsarbeid		423 599	325 000	550 000
Andre inntekter	3	260 957	944 543	30 000
<b><i>SUM DRIFTSINNTEKTER</i></b>		<b>9 739 556</b>	<b>10 526 543</b>	<b>9 635 000</b>
<b><i>DRIFTSKOSTNADER</i></b>				
Lønn, honorarer		1 686 443	1 645 611	1 627 000
Andre driftskostnader		560 999	657 342	467 000
Reise/ møtekostnader		365 067	456 485	395 000
Tilskudd studiearbeid	4	7 489 515	7 746 616	7 517 000
<b><i>SUM DRIFTSKOSTNADER</i></b>		<b>10 102 024</b>	<b>10 506 054</b>	<b>10 006 000</b>
<b><i>DRIFTSRESULTAT</i></b>		<b>-362 468</b>	<b>20 489</b>	<b>-371 000</b>
<b><i>FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER</i></b>				
Bankomkostninger		-872	-743	-1 000
Renteinntekter		343 089	354 409	322 000
Andre ekstraordinære inntekter				
<b><i>SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER</i></b>		<b>342 217</b>	<b>353 666</b>	<b>321 000</b>
<b><i>RESULTAT ETTER FINANSPOSTER</i></b>		<b>-20 251</b>	<b>374 155</b>	<b>-50 000</b>
<i>Avsatt til fremtidig vekst studietimer</i>				
<b><i>ÅRETS RESULTAT</i></b>		<b>-20 251</b>	<b>374 155</b>	<b>-50 000</b>

 Kjærsti Gangsø Dagleg leiar	 Tove Gulsvik Styreleiar	 Per Hillesund Nestleiar
 Marit Jacobsen Styremedlem	 Svein Rød Styremedlem	 Trine Blixrud Styremedlem

# Balanse

## Folkekulturforbundet

	Note	2003	2002
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
Inventar		20 800	45 600
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Likvider	1	4 736 326	4 680 754
Kundefordringar/ forskot			63 827
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>4 736 326</b>	<b>4 744 581</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		4 757 126	4 790 181
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Eigenkapital 1/1		1 115 152	740 997
Årets resultat		-20 252	374 155
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		1 094 900	1 115 152
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Levrandørgjeld/ forskot	2	3 291 291	3 414 269
Offentlege trekk og avgifter		82 392	37 719
Anna kortsiktig gjeld		162 142	223 041
Overførte prosjektmidlar		126 401	-
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		3 662 226	3 675 029
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<u>4 757 126</u>	<u>4 790 181</u>



# **Noter**

## **Folkekulturforbundet**

### **Note 1**

I posten inngår bundet bankinnskudd på kr. 60 811,-.

### **Note 2**

Av dette utgjør ikke utbetalte studiemidler høst 2003 kr. 3 131 228,-

### **Note 3 - Andre inntekter**

Studieavgift Norsk Folkelig Dans	13 000
Studieavgift Drakt og samfunn	67 500
Momskompensasjon	50 592
Kompensasjon Vifo	19 325
Prosjektledelse FNV	10 000
Studiemidler, egne studier	58 957
Kjøp av tjenester LUFS	9 000
Grundtvig prosjektet	18 127
Diverse	14 456
<b>Sum</b>	<b>260 957</b>

### **Note 4 - Tilskudd til studiearbeid**

Tilskot Norges Husflidslag	399 000
Tilskot Noregs Ungdomslag	203 000
Tilskot Noregs Mållag	5 000
Tilskot Forbundet KYSTEN	14 500
Tilskot kurs for særlege målgrupper	215 488
Tilskot HATS	72 500
Tilskot Landslaget for Lokalhistorie	5 000
Tilskot DIS	5 000
Tilskot Norsk Målungdom	5 000
Tilskot Vestlandske Teatersenter	5 000
Tilskot Norsk amatøriteaterforbund	36 000
Utbetalte studietilskot	5 846 559
oppretting studiemidler	1 838
Tilskot studiering på høgare nivå	48 000
Folkekultur for alle	73 325
administrasjonstilskot fylkesledda	57 000
Grundtvig prosjektet	38 284
Norsk Folkelig Dans	30 739
Drakt og samfunn	78 282
Ped utviklingsmidler	350 000
<b>Sum</b>	<b>7 489 515</b>



*kilde til  
inspirasjon  
og kunnskap,  
samhold og glede*

Studieforbund for

DIS-Norge  
Forbundet Kysten  
Hålogaland Amatørteaterselskap  
Ivar Aasen sambandet  
Kringkastingsringen  
Landslaget for lokalhistorie  
Landslaget lokalhistorie i skolen  
Landslaget for Udelt og Fådelt Skole  
Noregs Mållag  
Noregs Ungdomslag  
Norges Husflidslag  
Norges museumsforbund  
Norsk Amatørteaterforbund  
Norsk Kulturarv  
Norsk Målungdom  
Norsk Quilteforbund  
Rosegården Teaterhus  
Samenes Folkeforbund  
Vestlandske Teatersenter  
Vestnorsk Kulturakademi

Folkekulturforbundet (FKF) er eit studieforbund som driv vaksenopplæring gjennom medlemsorganisasjonane sine. Verksemda er opplæring i handverk/husflidsteknikkar, organisasjonskunnskap, folkedans/musikk, amatørteater, språkpolitiske spørsmål, slektsgransking og lokalhistoriske emne. Opplæringa skjer både i form av kurs med instruktør(ar) og i form av studieringar der deltakarane arbeidar saman utan lærar.

**Visjon:** Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap.

**Verksemndside:** FKF skal organisere og legge tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane, innanfor ramma av Lov om Vaksenopplæring.

**Grunnleggjande prinsipp:** Folkekulturforbundet set det skapande mennesket i sentrum ved å legge til rette for:  
- personleg utvikling og læring på eigne premissar  
- oppleving av levande kulturtradisjonar  
- medvit om mennesket som ein del av ein økologisk heilskap  
- røynsle med demokratisk organisasjonspraksis

På heimesida vår finn du informasjon og skjema:

[www.folkekultur.no](http://www.folkekultur.no)

## VÅGÅ NÆRINGSHAGE

### 2680 VÅGÅ

Telefon: 61 23 82 50

Faks: 61 23 82 59

post@folkekultur.no

Organisasjonsnummer: 977 275 490

Kontormedarbeidar

Tone Heskestad

61 23 82 50

tone@folkekultur.no

Studiekonsulent

Sølvi Brække

61 23 82 53

soelvi@folkekultur.no

Studiekonsulent

Mette Vårdal

61 23 82 51

mette@folkekultur.no

Studiekonsulent

Bjørg Schultz

61 23 82 54

bjorg@folkekultur.no

Dagleg leiar

Kjærsti Gangsø

61 23 82 52

kjersti@folkekultur.no